

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet og start med å sjå filmen Barn på nett - YouTube
 Kan jeg bruke nettbrettet? Nei det kan du ikke fordi...	I denne oppgåva er poenget at elevane skal kome på alle grunnane vaksne har til å seie nei til at barna får bruke skjerm/spele/sjå på film. Så sjå først på dette bildet saman, og la elevane så få jobbe i smågrupper med kome på flest mogleg grunnar til at foreldre brukar å seie nei til skjerm. Lag ei oppsummering saman: Kva typer grunnar har foreldra? Kva brukar dei å seie? La gruppene forsøke å bli einige om 2 grunnar kvar som dei synest er gode grunnar til å seie nei. La gruppene presentere dei for kvarandre, og argumentere for at dette er gode grunnar. Klarer de som klasse å bli einige om 3-4 gode grunnar?
	Møt Algo! I dag skal vi bli kjent med Algo Ritmus, men dei fleste kallar han berre Algo. Algo jobbar inni alle appane og spela vi brukar på telefon, nettbrett og andre skjermar. Jobben hans er å følge med på kva folk gjer på skjermen. Når du trykker på ein video, ser Algo det. Når du spelar eit spel lenge, legg Algo merke til det. Når du likar noko, huskar Algo det. For Algo sin jobb er å finne ut kva som kan få deg til å bruke appen så lenge som mogleg! Og då treng han verktøya sine. • Med forstørrelsesglaset sitt ser han kva du trykker på eller ser på lenge. Og så tenker han <i>"Hm ... dette såg ut som noko denne personen likar."</i> • Så puttast det i minnekassa for å huske kva du likar. • Med magneten finn han meir av det same. Liknande filmar, liknande spel. • Og så sender han deg nye ting du kan sjå eller spele på som har trur du vil like. • Og heile tida er målet at du skal bruke så masse tid som mogleg inni appen! Kvifor bryr han seg om det, lurar du kanskje på? Det er fordi dei som har gitt Algo denne jobben vil tene pengar. Masse pengar! Og det får dei til ved å kunne vise at kjempemange menneske, barn, unge og vaksne, bruker denne appen, og at dei kan overtalast til å kjøpe forskjellige ting, eller gjere noko som andre tener på. Difor prøver Algo å finne ting som gjer det vanskeleg å slå av eller legge vekk skjermane våre. Eller ting som gjer at du lengtar etter å kome tilbake til appen med ein gong du er ferdig. Har du lagt merke til at han er i dine appar? Vi kan jo ikkje sjå han, men har du lagt merke til at det alltid kjem opp meir og meir som du har lyst å sjå og gjere når du får vere på nett? (La elevane snakke litt med kvarandre og dele erfaringar med å få opp meir og meir av det same som det dei ser mykje på.)



Her ser vi Algo som skundar seg å sende ut fleire gøye, spennande filmar eller forslag til spel til nokon. Det ser ut som han er redd personen er i ferd med å slå av? Da må ha skunde seg å få den til å bli verande på appen!

La elevane snakke saman og finne ut kva dei trur Algo sender meir av til:

- Eit barn som likar å sjå filmar med nokon som er flinke å trikse i fotball
- Eit barn som likar hestar
- Ein vaksen som likar å sjå morosame filmar med dyr i
- Ein vaksen som likar strikkeoppskrifter
- Eit barn som likar å game
- Eit barn som likar å sjå folk som gjer tullete ting
- Ein vaksen som likar nyheiter

Er det lett for desse å slå av eller legge frå seg skjermen då?



Elevane kan gjerne få fargelegge Algo og skrive litt om kva Algo finner ut om seg sjølv og familiemedlemmane deira. Kva sender Algo masse av som gjer det vanskeleg å legge vekk skjermen heime hos dei?



Kvar blei det av tredjeklassingane?

Hadde det vore litt gøy å prøve å lure Algo? Jobben hans er jo å få oss til å vere på appane mest mogleg, kva om vi bestemmer oss for å gøyeme oss for han der han ikkje kan finne oss? Kva kan vi gjere da?

La elevane kome med eksempel på ting dei kan gjere på

- Heime når dei kjedar seg
- Ute eller inne saman med venner
- Saman med familien
- Andre ting

Poenget er å lage ein aktivitetsbank av ting å velgje mellom i staden for skjerm – slik at Algo ikkje finn dei av og til.

Kanskje vil elevane velje ut ein dag, ei helg eller ei heil veke der dei vil gøyeme seg for Algo heilt? Eller berre litt mindre kvar dag?

Og kanskje vil dei få med seg familien sin på prosjektet?



Klassisk nettvett handlar om å passe seg mot å bli lurt på nett. Sjå gjerne denne engelske musikkvideoen om det. Den går fort, men er ganske fengande, og ungane klarer nok å syngje med på refrenget. Og etterpå kan de gå igjennom dei tipsa dei kom med også.

[ONLINE SAFETY SONG \(Be Safe Online\) Lyric Video - YouTube](#)